



Sak nr 26/2013

Møtedato: 19.6.13

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: F735

## F735, Bukono - søknad om uthus

Reiner Ladwig søker om å få føre opp eit uthus i samband med tilsyn med sau i Bukono. Ladwig er ikkje bruksberettiga og har leigd rett til beite. Ladwig ynskjer å plassere uthuset i overkant av det gamle fjøset stod på tilleggjorda til Magne Gardshaug. Huset er 5x6 meter med eit arealet på 30 m<sup>2</sup>. Bygget skal førast som stav/laft og ha torvtak.

Området som bygget skal stå på, er utanfor det som er vist ut som tilleggsjord til Gardshaug (F735). Mindre grensejusteringar på tilleggsjord og stølsutvising blir gjort fjellstyret utan omfattande saksbehandling som skissert i stølsforskrift for vanleg utvising. Utvising av tilleggsjord er etter §20 i stølsforskrift lagt til fjellstyret.

Fjellstyret såg på saka under befaring den 19.6.13 saman med Reiner Ladwig, Magne Gardshaug og Statskog. Gardshaug opplyste at han skulle vera med som medeigar og overta bygget etter Ladwig avslutta sauedrifta. Gardshaug fann at han kunne stå som søker for tiltaket og han vil sende skriv om dette.

Søknaden skal då behandlast etter § 10 i stølsforskriftene der det heiter:

*Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggjast fram for Statskog til fråsegn. Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.*

Teikningar av hus vart sendt over til fjellstyret så seint at det ikkje var tid til å sende saka til Oppland fylkeskommune for uttale. Det må derfor takast atterhald om godkjenning utforming av bygget etter det er innhenta uttale frå fylkeskommunen.

Statskog tilrådde under befaring bygging av uthuset med Magne Gardshaug som søker.

## Vedtak:

Fjellstyret godkjenner etter §10 i stølsforskrift søknad frå Magne Gardshaug om oppføring av uthus på 30 m<sup>2</sup>. Ved ev. merknader frå Oppland fylkeskommune om utforming av bygget, må bygget justerast i samsvar med dette.

Grensene for tilleggjord F735 blir justert slik at huset blir innanfor utvisinga.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. Byggeløyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 20.6.13

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Magne Gardshaug  
Reiner Ladwig  
Statskog  
Vestre Slidre kommune